

## Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 2. september 2023 kl. 13.30-15.00

Stad: Rom 435 på HF-bygget

Til stades: Torodd Kinn (undervisningskoordinator), Peter Svare Valeur (allmenn litteraturvitskap), Jason Nelson (digital kultur), Vadim Kimmelman (språkvitskap), Helga Mannsåker (nordisk språk), Frode Helmich Pedersen (nordisk litteratur), Ulla Kallenbach (teatervitskap), Matti Wiik (klassisk), Marianne van Baar (Norsk kursa), Heming H. Gujord (lektorutdanninga), Jørgen Bakke (kunsthistorie), Jens Eike Schnall (norrøn filologi), Pernille Fosse, Synnøve Aukan Meisingset (studentrepresentantar), Helga Ramstad Vatsaas (sekretær)

Frå studieadministrasjonen: Lene Tøftestuen, Amund Sørås, Vegard Sørhus, Sissel-Karin Leknes

### Saksliste

UUI-sak 10/24: Godkjenning av innkalling, saksliste og referat .....	1
UUI-sak 11/24: Oppmeldingstal hausten 2024.....	1
UUI-sak 12/24: Tiltak for betre gjennomføring .....	1
UUI-sak: 13/24: Ekstern og intern sensur og økonomi .....	2
UUI-sak 14/24: Ymist.....	3

#### UUI-sak 10/24: Godkjenning av innkalling, saksliste og referat

Vedtak: UUI godkjenner innkalling, saksliste og referat (vedlagt)

#### UUI-sak 11/24: Oppmeldingstal hausten 2024

Torodd presenterer ei samanlikning av oppmeldingstala hausten 2024 og hausten 2019.

#### UUI-sak 12/24: Tiltak for betre gjennomføring

*Med færre studentar som begynner på studia våre, blir det endå viktigare at færre fell ifrå.*

*Til diskusjon:*

- a) Kva erfaringar har vi med gjennomførte tiltak for å betre gjennomføringa? Kva fungerer?*
- b) Kva planar finst det i fagmiljøa for å prøve å betre gjennomføringa framover? Kva kan vi få til utan å bruke vesentleg meir ressursar?*

Jørgen: Viktig å ha is i magen. Tala går opp og ned. Det viktigaste er at fagmiljøa har nok ressursar til å kunne tilby god undervisning.

Jason: Digital kultur har sett på kvar studentane fell frå, og vil ta tak i kvart enkelt av dei punkta i programmet. Har gjennomført ei undersøking blant studentane og fått gode svar. Fleire emne skal endrast i samsvar med tilbakemeldingane, men det tek tid. Målet er å halde på 25% fleire studentar. Studentane må sjå samanhengen i programmet, og samanhengen mellom innsats og kvalifikasjon.

Eike: Eit sterkt fagutval har mykje å seie for studentane, og vi må hjelpe studentane med å halde fagutvala oppe. Norrøn filologi har tatt fleire praktiske grep for å gjere danning til ein større del av utdanninga (konferansar m.m.). Dette kan bidra til å auke gjennomføringa. Elles er det viktig å fokusere på det internasjonale.

Synnøve: Det er viktig å sjå an studentane, og ta med deira meiningar og føresetnadar i undervisningsplanlegginga.

Ulla: Ressursar er viktig! Studentane forsvinn til Trondheim der miljøet er større. Vanskeleg å planlegge når bemanningssituasjonen er så uføreseieleg.

Frode: Viktig med undervisningsassistentar og kollokvieundervisning.

Fleire stemmer i at kollokvieundervisninga har mykje å seie.

Peter: Litteratur har arrangert fleire fagleg-sosiale hendingar for studentane. Svært mange innleverte masteroppgåver. Kan det vere ein samanheng?

Synnøve: Studentane ønsker meir kontakt med fagmiljøa. Tilhøyrsløse og identitet er viktig.

Torodd: Det er viktig å hugse at studentdrivne kollokvium skal vere eit ekstratilbod.

Jason: For gjennomføring på emnenivå kan det vere svært effektivt å ha eit «end goal».

Eike: Kan vi få meir talmateriale? For eksempel frå fleire semester.

Jørgen: Når ein samanliknar tal frå berre to semester vil det kunne slå svært ulikt ut avhengig av kva semester ein vel.

## UUI-sak: 13/24: Ekstern og intern sensur og økonomi

Når **må** ein ha to sensorar, av dei éin ekstern?

- MA-oppgåver
- BA-oppgåver
- Klagesensur

Når **må** ein elles ha to sensorar?

- emne på 15 studiepoeng eller meir
- eksamenar som ikkje let seg etterprøve (t.d. munnleg)

Til diskusjon:

- a) Når ønskjer vi å bruke **ekstern** sensor utan at det er krav om det? Kva utgiftspostar kan instituttet eventuelt redusere for å finansiere dette?

*Korleis kan administrasjonen og fagmiljøa samarbeide for å gjere kostnadene til ekstern sensur mest mogleg føreseielege? Kan dei enkelte fagmiljøa til dømes få utdelt ein pott i budsjettet til fordeling mellom (ikkje-pålagd) ekstern sensur, undervisningsassistentar, gjesteførelesarar og eventuelt anna?*

- b) I kva grad ønskjer vi å bruke **to interne sensorar** utan at det er krav om det? Ønskjer vi å prioritere dette framfor undervisning?

Vadim: Lingvistikk har minimert bruken av ekstern sensor. Det er vanskeleg å forstå korleis vi skal ha gått over budsjett. Vil heller bruke ressursar på undervisning.

Eike: Norrøn filologi vil også heller bruke ressursar på andre ting enn ekstern sensur. Kan HF lempe på sitt krav om ekstern sensor på BA-oppgåver?

Jørgen: Kunsthistorie får ikkje til å kutte. Ressurssituasjonen gjer at vi må bruke ekstern sensor også der det ikkje er påkravd. Vi må ikkje forsøke å snike oss unna UHL, krava er til studentane sitt beste.

Frode: Nordisk fekk ekstra pengar til ekstern sensur våren 2024 – har dette blitt gløymt?

Heming: Når vi no må bruke fleire interne sensorar, vil ressurssituasjonen bli krevjande for fleire. Éin ting vi kan gjere for å halde kostnadane nede er å halde klagesensuren til eit minimum. Det er ein prinsipiell tryggleik i å ha ein medsensor.

Ulla: Studentane går opp til eksamen fleire gongar. Kan vi gjere noko med dette?

Eike: Eit ledd i å unngå mykje klagesensur er å førebu studentane godt på kva som vil bli testa på eksamen.

Jason: Det rimar ikkje heilt at vi skal spare pengar, samtidig som at krava til talet på sensorar blir skjerpa.

Heming: Ein må tidvis kunne bruke ekstern sensor også der det er ikkje er absolutt nødvendig

Torodd: Det er viktig å halde på justerande munnleg i samband med BA- og MA-oppgåver. I alle fall med tanke på KI. Det bør lagast felles retningslinjer for bruk av ekstern sensur.

## UUI-sak 14/24: Ymist

- 1) «Årshjul for vitenskapelig ansatte»
  - Veronica og Lene i studieadministrasjonen har laga årshjul for vitenskapelig tilsette på både norsk og engelsk. Årshjula har vore oppe i UUI tidlegare, og er redigerte i samsvar med innspela som kom fram i møtet. Eventuelle innspel til dei redigerte versjonane kan sendast til Helga innan merknadsfristen.
- 2) Ansvar for emnesider i Mitt UiB

- Studieadministrasjonen ønsker på sikt at kvar enkelt emneansvarleg skal ta over opprettinga av emnesider i Mitt UiB – med støtte frå administrasjonen. Meir om dette seinare.